



ULSTEIN KYRKJE

Saman på ferda



# *Ulstein Sokn*


## *Årsmelding 2019*

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2020/13



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*



Den Norske Kyrkja

Ulstein sokn

Kyrkjekontoret

Sjøgata 61 (Pb. 143)

6067 Ulsteinvik

Tlf.: 70 01 76 80

E-post: [post.ulstein@kyrkja.no](mailto:post.ulstein@kyrkja.no)

Facebook: Ulstein kyrkje

Nettside Ulstein sokn: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)

Nettside Ulstein nye kyrkje: [www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)


# Innhald

---

Ulstein kyrkje - eit ankerfeste i tida.....	5
Kyrkjeleg årsstatistikk .....	6
Ulstein sokneråd.....	9
Tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd .....	12
Presteteneste - Saman i høgtid og kvardag .....	15
Diakoni - Saman i teneste for kvarandre .....	18
Kyrkjemusikk - Saman til Guds ære og glede for kvarandre .....	26
Undervisning - Saman i læring og praksis .....	30
Barn og unge - Saman for ein trygg oppvekst .....	35
Bygg og anlegg .....	38
Økonomi .....	44
Informasjon og kontakt .....	46

**Forsidebilete:** Ulstein TenSing har lagt eit år med ei rivande utvikling bak seg og er ein stor ressurs for kyrkja si ungdomssatsing.  
(Foto: Ulstein kyrkje)

Ulisteinkyrkja ber på ei lang og rik historie gjennom 170 år.  
I høve jubileumsåret 2019 vart det gjeve ut bok - og den vakre  
kulturskatten vart løfta fram gjennom Cecilie Hatløy sine bilder.  
(Foto: C. Hatløy)



# Ulstein kyrkje - eit ankerfeste i tida

---

*Ulstein sokn ser tilbake på eit år med mykje frott aktivitet. I starten av året kom biskopen på visitas. Dette besøket gav oss høve til å sjå på arbeidet vårt, drøfte utfordringane og vise fram dei mange gode aktivitetane som skjer i kyrkjelyden. Kyrkja sitt arbeid er eit ankerfeste for svært mange i vårt lokalsamfunn.*

2019 har vore eit år der Ulstein kyrkje har hatt fokus på kultur og musikk, noko som har resultert i ei auke i besøkande på desse arrangementa. Ved hjelp av private gåver, sponsormidlar og gode konsertinntekter fekk vi midlar på plass til å kjøpe eit konsertpiano av høg kvalitet til Ulstein kyrkje.

Ulstein sokn har over lengre tid hatt eit blomstrande ungdomsarbeid som i 2019 virkelig fekk vise seg fram. Eit strålande, kreativt og nyskapande konsertrepertoar vart i november framført av Ulstein TenSing på Sjøborg og nominasjon til årets trusopplæringspris, viste at mange år med målretta arbeid gjev gode resultat.

Vi kunne ønskje velkommen eit ekstra stort årskull på 110 konfirmantar hausten 2019 og har god oppslutnad om arbeidet med trusopplæring.

Med Hjartearmeaksjon rundt jul er omsorgsarbeidet til kyrkja synleg i ein større aksjon og viser eit stort engasjement som også er tilstades resten av året gjennom eit trufast diakoniarbeid.

Ved kyrkjevalet 2019 i september fekk Ulstein sokn eit nytt sokneråd med engasjerte medlemmar som har det øvste ansvaret for å styre Ulstein sokn dei neste fire år.

I høve 170-års jubileumet til Ulstein kyrkje har vi gjeve ut boka: *Ulstein kyrkje – eit ankerfeste i tida*. Boka gjev oss eit godt innblikk i den lokale kyrkjehistoria gjennom tidene, og med nytt bildemateriale viser den fram kyrkjebygget som den unike kulturskatten det er. Kyrkja var og er - ein viktig samfunnsaktør.

Det er også levert ein synfaringsrapport til kommunestyret som viser tilstanden til kyrkjebygget, bruksutfordringane for dei mange aktivitetane og dei omfattande vedlikehaldsbehova på kort og lang sikt.

Med bakgrunn i det flotte bildematerialet frå jubileumsboka håper vi at denne årsmeldinga vil skape litt ekstra fokus på kyrkjebygget.

# Kyrkjeleg årsstatistikk

## *Utdrag av kyrkjeleg årsstatistikk med kommentarar*

### Medlemstal

Ulstein kommune har hatt nedgang i befolkninga i 2019. Dermed har det også blitt 15 færre medlemar i Ulstein sokn. Prosentmessig har vi ein auke i medlemsprosenten frå 76,9% til 77,1%. Vi er også kyrkje for mange som er medlemar av andre kristne samfunn, til dømes den katolske kyrkja.

	2016	2017	2018	2019
Befolkning	8457	8555	8609	8571
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6523	6588	6622	6607
% medlemar i Den norske kyrkja	77,1%	77,0%	76,9%	77,1%
Innmelde i DNK	8	13	6	8
Utmelde frå DNK	64	28	20	20
Fødde i Ulstein kommune	71	106	84	108
Døypte nyfødde som bur i Ulstein kommune	58	72	57	81
% døypte av fødde folkeregistrert i Ulstein	81,7%	67,9%	67,9%	75%
15-åringar (døypte og tilhøyrande)	94	112	98	113
% konfirmerte av 15-åringar (døypte og tilhøyrande)	96,8%	91,1%	93,9%	87,6%

### Dåp

Det er fødde 108 barn i Ulstein 2019. Av dei 81 bu-sette barna i kommunen, er 76 døypte i Ulstein kyrkje. Dette gir ei oppslutning om dåpen på 75 % Dette er ein oppgang på 7% i forhold til fjoråret. Dåpsprosenten på 75% er godt i samsvar med at 77,1% av befolkninga i Ulstein er medlem i Den norske kyrkja. Sagt på ein annan måte: Dåp står veldig sterkt i Ulstein - dei aller fleste som er medlemar i kyrkja, døyper barna sine.

Det er ein viktig tradisjon å vidareføre.

### Konfirmasjon

Av dei 113 døypte eller tilhøyrande 15-åringar valde 99 konfirmasjon i kyrkja i 2019. 87,6% deltaking er ein nedgang på over 6% i oppslutnad om konfirmasjon. Her treng vi å gjere ein god innsats for å auke oppslutnaden.

### Vigsler

Vi gleder oss over at folk gifter seg i kyrkja trass i at det er gode alternativ. Kyrkja går i dialog med brudeparet og prøver etterkome deira ynskjer om ein stor eller liten seremoni. Den norske kyrkja har opna for vigsle av fråskilde og sidan 2017 vore open for vigsle av likekjønna.

### Kyrkjemusikk

Kyrkjelyden har hatt ei kultursatsing og dette viser seg igjen i gode besøkstal. Med 3.655 besøkjande på konsert og kulturarrangement var det 468 fleire som deltok. Dei siste 4 år har vi sett ein særleg auke av publikum på kyrkja sine eigne arrangement.

Kyrkjelege handlingar	2016	2017	2018	2019
Dåpshandlingar i soknet	65	75	61	76
Konfirmerte i kyrkja	91	102	92	92
Gravferder	56	34	54	54
Kyrkjelege vigsler	12	14	15	15

## Leiarkurs for unge

Å gi ungdom ansvar og god opplæring for å vere trygge leiarar er sjølve oppskrifta til suksess med ungdomsarbeid. På grunn av bemanningssituasjonen vart MILK-kurs hausten 2019 utsett til våren 2020, difor er deltakartalet på leiartreningskurs lågare i 2019

## Offer/kollekt/gjevarteneste

Innsamling av offer i kyrkja har gått opp igjen i 2019 og er no på same nivå igjen som i 2017. Andelen av kollekt til eiga verksemd er også på nivået frå 2017. Det er framleis stor vilje til å gi pengar til eit nytt kyrkjebygg. I løpet av 5 år (sidan vinnarutkastet frå arkitektkonkuransen vart presentert) har kyrkjelyden samla inn kr. 5 mill. til eit nytt kyrkjebygg. Dette er svært imponerande tek ein i betrakning at det framleis ikkje er fatta eit politisk vedtak om bygging av Ulstein nye kyrkje! Likevel har det blitt ein nedgang i gjevartenesta på nesten kr. 500.000 samanlikna med i fjor. Dette er eit tydeleg teikn på at det er på tide med eit politisk vedtak for å opprettehalde gjevargleda!

	2016	2017	2018	2019
Deltakarar, leiarkurs for unge 13-30 år	27	32	37	22
Antal kor for vaksne / familiekor	4	4	3	3
Antal kor for barn og unge	2	2	3	3
Antal konserter og kulturarrangement	8	13	11	19
Deltakarar på konserter og kulturarrangement	1696	1646	2261	2544
Antal konserter og kulturarr. i regi av andre	14	12	5	7
Deltakarar på kons. og kulturarr. i regi av andre	1885	1523	926	1111
Offer/kollekt i kyrkja	450.075	417.025	389.131	432.125
av dette - offer/kollekt til eiga verksemd	173.155	232.567	183.783	240.496
Gjevarteneste	1.359.761	987.400	1.171.750	676.420
Andre innsamlingar	129.911	215.000	209.772	109.406
Innsamlingar totalt	1.939.747	1.619.425	1.770.653	1.217.951
Fasteaksjonen	129.911	90.667*	124.129	81.821

**Kyrkjelege handlingar:** Ulstein har stor oppslutnad kring gudstenester, med nattverd, dåp og vigsel. (Foto: Cecilie Hatløy)



## Gudstenester og andakter

Vi gleder oss over eit variert og mangfaldig gudstenesteliv i Ulstein. Vi har ønskje om å revidere familiegudstensta vår, og håper eit nytt bygg vil vere betre tilrettelagt for småbarnsfamilier, samt nye tilbod om kveldsmesser osv. Vi ligg på landstoppen i snitt med tanke på besökande, og tenker at tala viser at fleire ønskjer tid til vakker musikk, ettertanke og refleksjon som eksistensiell bearbeiding. Eit nytt kyrkjebygg vil opne for nye gudstenesteforformer og fellesskap vi ikkje ser no. Ulsteinvik barneskule melde til dømes at dei no ikkje lenger tek risiko på å ha så mange barn inne til gudsteneste samtidig. Vi vart difor nøydde til å dele opp antalet grunna plassmangel.

<b>Gudstenester</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Antal gudstenester totalt	84	81	86	93
Deltakarar, gudstenester totalt	15544	15310	15126	16074
<i>Gjennomsnitt pr. gudsteneste</i>	<i>185</i>	<i>189</i>	<i>176</i>	<i>173</i>
Antal gudstenester, søn- og heilagdagar	61	60	61	56
Deltakarar, gudst. søn- og heilagdagar	12871	12889	11761	10963
<i>Gjennomsnitt deltagarar pr. gudsteneste</i>	<i>211</i>	<i>215</i>	<i>193</i>	<i>196</i>
Gudstenester utanom søn- og heilagdagar	23	21	25	37
Deltakarar, gudst. utanom søn- og heilagdagar	2673	2421	3365	5111
<i>Gjennomsnitt deltagarar pr. gudsteneste</i>	<i>116</i>	<i>115</i>	<i>135</i>	<i>138</i>
Antal gudstenester i soknets kyrkje	74	72	74	79
Antal gudstenester på institusjon i soknet	5	5	9	9
Antal gudstenester på annan stad i soknet	5	4	3	5
Antal gudstenester med nattverd	53	63	62	58
Deltakarar, gudstenester med nattverd	5478	5579	5418	5129
Antal gudstenester med skriftemål	1	1	0	2
Antal familie- og barnegudstenester	12	11	12	12
Deltakarar, familie- og barnegudstenester	2958	2630	3003	2714
Antal gudstenester for barnehagar	3	3	3	3
Deltakarar, gudstenester for barnehagane	338	278	260	244
Antal gudstenester for skuleelevar	3	3	3	5
Deltakarar, gudstenester for skulane	1181	1188	1194	1413
Antal gudstenester for ungdom	10	12	14	12
Deltakarar, ungdomsgudstenester	2067	2269	2733	2516
Antal gudstenester med dåp	37	38	36	40
Deltakarar, gudstenester med dåp	6997	6720	6087	6620
Antal konfirmasjonsgudstenester	4	4	4	4
Deltakarar, konfirmasjonsgudsteneste	1662	1925	1728	1800
Antal julatangudstenester	4	3	3	3
Deltakarar, julatangudstenester	1123	1131	1028	1015
Antal gudstenester i påska	5	5	5	5
Deltakarar, gudstenester i påska	640	617	580	656

<b>Andakter</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Andakter på institusjon eller aldersheim	80	76	72	72

# Ulstein sokneråd

---

*Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt.*

*Rådet vert valt på nytt kvart 4. år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrklege fellesråd som har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvalting.*

*Ulstein kyrklege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.*

## Ulstein sokneråd/Ulstein kyrklege fellesråd 2015-2019

### Medlemar:

1. Annelise Kleven Godø
2. Lars Osnes Fiskerstrand
3. Knut Einar Tokheim
4. Hennie Anett Viseth
5. Hannelore Måseide (permisjon hausten 2018)
6. Liv Osnes Dalbakken
7. Susanne Gamlem
8. Inger Margrethe Roppen
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

### Varamedlemar:

1. Arne Sivertstøl
2. Ingvill Merete Kolshus Hopland
3. Peder Kristian Heimland
4. Karianne Sveen Orvik
5. Tørris Hegdal

Sokneprest i Hareid, Leidulv Grimstad var vara for soknepresten i Ulstein fram til Lars Hartig-Tangedal tok over.

### Konstituering:

**Leiar:** Annelise Kleven Godø

**Nestleiar:** Lars Osnes Fiskerstrand

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

**Ulstein kommune sin representant i kyrklege fellesråd:** Ordførar Knut Erik Engh

**Kommunal vararepresentant:** Steinar Torvik

**Arbeidsutval:** Annelise Kleven Godø, Lars Osnes Fiskerstrand, Hannelore Måseide og Margit Lovise Holte

**Varamedlemar:** Inger Margrethe Roppen, Liv Osnes Dalbakken

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

### Kontaktpersonar:

**Kirkens SOS:** Inger Margrethe Roppen.

**Kirkens Nödhjelp:** Knut Johan Rønningen.

**Det norske Bibelselskap:** Kateket Bjørn Losvik.

**Komit  for kyrkjekaffi:** Diakoniutvalet.

## Kyrkjeval 2019

Den 9. september 2019 var det kyrkjeval. Medlemane i Ulstein sokn valde eit nytt sokneråd for fire år, og gav også sine stemmer til kandidatane til eit nytt bispedømeråd for fire år. Det er eit breidt samansett sokneråd vi har fått i Ulsteinvik, men nominasjonskomiteen rapporterte om at det var ein krevjande jobb å finne kandidatar.

Gjennomføringa av valet skjedde samtidig med kommuneval. Vallokale for kyrkjeval vart rigga i same bygg som kommunevalet. Denne ordninga er vi godt nøgde med. Men med 15% valdeltaking var oppslutninga ikkje slik vi hadde forventa. Her treng vi å finne nye grep ved neste val for å auke interesse for kyrkjekalet.

Det nye soknerådet tok over 1. november 2019. Det nye kyrklege fellesråd tok over 1. desember 2019.

## **Ulstein sokneråd/Ulstein kyrjelege fellesråd 2019-2023**

### **Medlemar:**

1. Annelise Kleven Godø
2. Odd Arne Vikebakk
3. Karianne Sveen Orvik
4. Hannelore Måseide
5. Bodil Muren Voldsunnd
6. Lidbjørn Vattøy
7. Karete Malen Nessel
8. Cecilie Frantsen Skeide
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

Sokneprest i Hareid, Lars Hartig-Tangedal er vara for soknepresten i Ulstein.

### **Konstituering:**

**Leiar:** Odd Arne Vikebakk

**Nestleiar:** Annelise Kleven Godø

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

**Ulstein kommune sin representant i Ulstein kyrjelege fellesråd:** Ordførar Knut Erik Engh

**Kommunal vararepresentant:** Stian Lehmann Scheide

**Arbeidsutval:** Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantsen Skeide, Margit Lovise Holte

**Varamedlem:** Karete Malen Nessel

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

**Administrasjonsutval:** Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantsen Skeide,

Bjørn Losvik (tilsettrepresentant)

**Varamedlem:** Karete Malen Nessel

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

### **Andre utval og kontaktpersonar:**

Ved slutten av året hadde ikkje soknerådet oppnemnd nye medlemar i andre utval og kontaktpersonar.

Soknerådet ønskjer å evaluere og fornye utvalsstrukturen for å kunne jobbe meir målretta.

### **Saker som Ulstein sokneråd / Ulstein kyrjelege fellesråd har arbeidd med i 2019:**

- Bispevisitas januar/februar 2019
- Tilsetting av diakon og kyrkjelydspedagog
- Kyrkejubileum Ulstein kyrkje – 170 år
- Synfaringsrapport Ulstein kyrkje
- Vedlikehaldsarbeid Ulstein kyrkje – maling av vindauge, prosjektering nye kyrkjedørar
- Kystpilegrimsleia
- Ulstein nye kyrkje
- Gudstenesteplan, semesterplan og årshjul
- Drift av Byggeklossen open barnehage
- Høyringar
- Kyrkjeval 2019
- Rekneskap og budsjett
- Investering i nytt konsertpiano

### **Varamedlemar:**

1. André Sæter
2. Andreas Alexander Felix Sæbø
3. Åsmund Lunde
4. Kristian Osnes
5. Hildegunn Lillebø Fiskerstrand



**Bispevisitas vinter 2019:** Kyrkja er ein viktig samfunnsaktør og dei tilsette kan bygge arbeidet sitt på gode relasjoner til politikarar, kommuneadministrasjon og frivillige lag og organisasjonar. (Foto: Svein Arne Orvik)

# Tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
Kapellan	Jørgen Skogestad Kleiven	80% (20% prostesekretær)

## Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje:	Christfried Kaul	100%
Sekretær:	Johanne Krogstadmo	80%
Kyrkjetenar/k.gard.:	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjegardsarbeidar:	Sarunas Simanavicius	50% (45% frå 10/2019)
Kantor:	Ståle Helvig	100%
Diakon:	Ranveig Kaldhol	100%
	Karine Sæter	100% (85% permisjon frå 09/2019)
	May-Britt Nesse Garnes	35% (vikar frå 08/2019)
Kateket:	Bjørn Losvik	100% (20% permisjon 2019)
Trusopplærar:	Wendi Stråbø	50% (til og med 10/2019)
	Johanne Krogstadmo	20% (vikar)
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert (ca. 13%)
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	31,6% (27% frå 11/2019)
Pedagogisk leiar Byggeklossen / ungdomsarbeidar:	Beate Mjøen Berg	90% (til og med 08/2019, perm.)

## Prosjektstillingar:

Assistent Byggeklossen O Bhg:	May-Britt Nesse Garnes	15%
Assistent Byggeklossen O Bhg:	Beate Ulstein	5% (16% til og med 06/2019)
Ungdomsarbeidar:	Ruben Voldsund	20% (til og med 07/2019)
Ungdomsarbeidar:	Silje Håheim	10% (til og med 07/2019)
Ungdomsarbeidar:	Eivind August Roos	10% (til og med 07/2019)

## Vikarar:

For å imøtekome krav om ei frihelg i månaden, har vi fleire vikarar for organisten. Særleg om sommaren med mange vigsler er det ein krevjande situasjon å ha berre ein tilsett organist. Vi har samordna ressursar med Herøy og Hareid, men potensialet for eit meir formalisert samarbeid er større.

Lengre perioder med sjukdom og vakanse har krevd ulike vikarløysingar både med innleidt arbeidskraft og intern vikariering for å gjennomføre trusopplæringsarbeid etter planen. Det har og vore sommarvikarar i sving for å rekke over alle oppgåver i vekst- og feriesesongen.

## Nytilstetjingar

Etter at Ranveig Kaldhol varsla at ho ønska å gå av med pensjon, lyste vi ut diakonstillinga. Karine Sæter vart tilsett i stillinga med redusert oppstart hausten 2019. Wendi Stråbø sa også opp jobben som trusopplærar i 2019. Soknet lyste så ut stilling som kyrkjelydspedagog. Ingrid Madli Sæter vart tilsett som i denne stillinga, med oppstart januar 2020. Vi var veldig glade for å kunne starte året 2020 med full bemanning i staben igjen!



Margit Lovise Holte




Jørgen S. Kleiven



Christfried Kaul



Johanne Krogstadmo



Bjørn Losvik



Ingrid Madli Sæter



Wendi Stråbø



Ståle Helvig



Ranveig Kaldhol



Karine Sæter



May-Britt Nesse Garnes



Bente Ulstein



Jan Erling Davidsen



Sarunas Simanavicius



Inge Kaldhol



Vamathevan Sellathamby

## Vurdering

I 2019 var bemanningssituasjonen framleis prega av nedbemanningsprosessen soknet gjekk gjennom etter massivt kutt i tilskot til Byggeklossen open barnehage. Etter eit år med permisjon sa Beate Mjøen Berg opp jobben sin etter lang og trufast teneste for barn og unge i Ulstein sokn i 20 år. Hundrevis av barn og unge har møtt henne gjennom hennar store engasjement for barn og ungdom og på kyrkjelyden sin sommarfest på Kjeldsund markerte vi dette og takka Beate for innsatsen.

Wendi Sund Stråbø har vore Ulstein sokn sin første trusopplærar og leia arbeidet fram mot ein godkjent lokal plan for trusopplæring. Vi tok avskjed med Wendi på hausttakkefesten og takka Wendi for å ha lagt eit solid grunnlag for trusopplæringsarbeidet i Ulstein sokn.

Med mindre ressursar enn før til eit aukande barne- og ungdomsarbeid, måtte soknet gå nye vegar. To ungdomar vart tilsett som ungdomsarbeidarar for å arbeide med Ten Sing og DRYPP-gudstenesta. Ungdomsarbeidet har blomstra vidare gjennom dette. Å gi ungdom ansvar og erfaringar i arbeidslivet i kyrkja gjennom små stillingar har vore ein suksess. Det såg vi allereie då Ruben Voldsgård vart tilsett som ungdomsarbeidar i 20% stilling.

Aukande medlemstal og aukande aktivitetsnivå i kyrkjelyden, saman med ønskje om å drive eit godt og engasjert informasjons- og kommunikasjonsarbeid, har auka presset på sekretærstillinga. Stillinga er pr idag 80%. Sekretæren jobbar i ufrivillig deltid og det er heilt avgjerande for avviklinga av arbeidet å utvide denne stillinga til 100%.

## HMS og Ulstein kyrkje

Kyrkjebygget framstår som ei utfordring for gjennomføring av mange av aktivitetane og har klare utfordringar for å leve opp til HMS- forskriftene.

Nokre eksempel:

- Det er ei fysisk påkjenning for dei tilsette å oppbevare og frakte naudsynt utstyr til trusopplæring, konfirmantundervisning og gjennomføring av kultur- og konsertarrangement fram og tilbake til dei ulike og ofte lite egna lagringsplassane på kyrkjeloftet, i kyrkjekjellaren og på kyrkekontoret. Saman med hyppig flytting av benkar ved nesten alle større arrangement er dette også ei vesentleg årsak til bruksslitasje av kyrkjebygg og interiør.
- Toalettforholda i kyrkje er langt under det ein kan forvente av eit offentleg bygg og det ein tilsett kan forvente på arbeidsplassen.
- Det er framleis manuell klokkeringing der kyrkjetenaren må fleire turar opp i kyrketårnet i løpet av ei gudsteneste. Manuell ringing er ei fysisk og hørselsmessig påkjenning sjølv med korrekt bruk av hørselsvern.
- Slik Ulstein kyrkje er, ville det vere umogleg å tilsette ein arbeidstakar i rullestol med sjølvstendige tenesteoppgåver i kyrkja. Dette diskriminerer og ekskluderer moglege nye medarbeidrarar.



Ruben Voldsgård



Eivind August Roos



Silje Håheim



Beate Mjøen Berg



**Øverst:** Eit dåpsbarn blir løfta fram og blir ein del av kyrkjelyden. **t.v.:** Biskop Ingeborg Midttømme møter barna på dåpsskulen. **t.h.:** Det er omlag 100 konfirmantar i Ulstein kvart år. (Foto: Ulstein kyrkje).

# Presteteneste – Saman i høgtid og kvardag

---

*Bispevisitasen er eit møtepunkt cirka kvart åttande år der biskopen opplever det lokale kyrkjelydsarbeidet og har samtalar med prestane om prestetenesta og anna kyrkjelydsarbeid. Visitasen har også gjeve viktige impulsar for arbeidet framover.*

2019 starta med bispevisitas med biskop Ingeborg Midttømme. Visitas er eit høve til å løfte fram arbeidet dei siste 8 åra sidan siste visitas, og stake kursen ut for framtida.

Sidan siste visitas har Ulstein fått auka presteressurs med ein kapellanstilling grunna auka folketal. Sokneprest Margit Lovise Holte er i 100% stilling, og kapellan Jørgen Skogestad Kleiven i 100%. 20% av hans stilling er som prostesekretær. Vi går i tenesteturnus ilag med soknepresten på Hareid.

Biskopen påpeika at prestetenesta fungerte godt i alle kyrkjelege handlingar, og kyrkjelyden gjev eit godt og variert tilbod der prestetenesta er representer som ei vital og strategisk kraft i barne- og ungdomsarbeid, gudstenesteliv, diakoni, samfunn og i konfirmantopplegget. Ho anerkjente nybrotsarbeidet vårt og seier at fleire ser til Ulstein for arbeidsmåtar og inspirasjon. Vi ser at kyrkjelydar tek etter arbeidsformer og det tek vi som eit stort kompliment.

Biskopen framheva samtaletenesta i kyrkjelyden og at prestane har høgt medvit kring at kyrkja sine miljø skal vere trygge med tanke på å forebygge seksuell overgrep og vald. Vi samtaler og lager kontrakter med kvart leiarkull, og har respekt og grenser som del av undervisninga for kvart konfirmantkull. Vi har mange kvinner som kjem med sine overgrepsforteljingar, kanskje av di vi har den einaste kvinnen som er prest i ytre? Det førebyggande arbeidet er eit viktig, krevande og «usynleg» arbeid som kyrkja gjer. Vi stiller opp for marginaliserte og stemmelause, og har gode erfaringar med at sjølv om saker er rettsleg forelda, har det mange gonger vore viktig å vere med og konfrontere organisasjonar og enkelpersonar som har utført overgrep, for å plassere ansvaret der det høyrer heime.

Biskopen påpeiker rammetilhøva for prestetenesta mtp arbeidstilhøve som ei utfordring. Vi har dårlege fasilitetar som hindrar moderne kyrkjelydsarbeid og møtestadar, og våre tilbod er ikkje opne for menneske med særskilte behov. Sørgesamtalar på kontoret er umogleg med rullestol og begrensa høve til å besøke toalett. Moglegheit for samtalegrupper og andre rom for møter er ikkje tilstade. Når kvar 7 gudsteneste vi arrangerer fyiller kyrkja heilt er det ei gave, og det er også ei sorg å sjå så mange gå heim att, og la vere å kome fordi det ikkje er plass. Prestetenesta er særskilt uroa over alle barnefamiliane som av romlege omsyn ikkje finn seg til rette i vår kyrkjelyd. Vi forstår godt at dei ikkje vil ha barna kravlande rundt glovarme, farlege varmeovnar.

Arbeidstilhøva slit også på prestetenesta og er lite motiverande. Det er sterkt urovekkande at ein no ser ut til å slite i stykker det praktbygget vi no har som kyrkje. Vi feira 170 år med jubileumsbok om historia til kyrkja, ei positiv og flott oppleveling.



**Øverst t.v.:** Biskopen og prestane prøver akebakken i Blåtinden barnehage. **t.h.:** Kapellan Jørgen Skogestad Kleiven under skulegudstenesta. **Under t.v.:** Barna ber inn grøda til hausttakkfest. **Under t.h.:** Sokneprest Margit Lovise Holte preiker på sommargudsteneste. (Foto: Ulstein kyrkje).

Arbeidet med ny kyrkje i Ulstein har pågått sidan 2001. Ikkje noko kyrkje-prosjekt i landet har samla inn så store økonomiske ressursar og tatt slik sjølvstendig ansvar for eit nytt bygg som Ulstein. Vi har medvite ikkje stilt oss opp i konkurransen med andre viktige prosjekt i bygda, men sett at politikarane gjentakande gongar har skubba oss over i neste år. Vi vonar det no snart vert kyrkja sin tur og at vi får verdige veksttilhøve med lokalitetar som gjer at vi beheld arbeidskraft og får vere med på samfunnsutviklinga. Vi trur kyrkja er ein viktig samfunnsbyggande omsorgsaktør som inviterer til opne fellesskap i glede og sorg. Behovet for verdige lokale er dokumentert og overmodent.

Vi har gjennom fleire år bevisst bygd ned tersklane for å delta i frivillig teneste i kyrkja, dette har gjeve mange frivillige. Vi ønskjer å støtte og styrke gode initiativ frå vårt myndige lekfolk. Vi ser at frivillige forplikter seg annleis, og engasjement er meir basert på prosjekt som oppstår og avsluttast. Biskopen påpeika at våre 500 frivillige burde hatt ein koordinator, noko som prestetenesta støttar.

Ungdomsarbeidet vårt er landets 3. største og vart nominert til den nasjonale Trusopplæringsprisen i haust. Vi er superstolte av det fine ungdomsmiljøet vårt som både er inkluderande og førebyggande med stort mangfald i Ten Sing, Speidar og Leirleiar-arbeidet. Yogagudsteneste var eit seminar med ei kristen jente som underviste om skilnaden på religiøs yoga og yoga som treningsform, og som leia ei gudsteneste der vi bad med kropp og pust. Det var ei spennande, opnande og ny erfaring for dei fleste av oss. Det mangfaldige musikk og korarbeidet, Nyekyrkjekarane, Hjartevarmeaksjonen med matkasser som lærer oss å dele og hjelpe før jul, utegudstenester, bønesamlingar, husgrupper, diskusjonsgrupper, - ja, det frivillige arbeidet blomstrar. Vi ynskjer å vere saman på livsferda som ei opa og inkluderande folkekyrkje med rom for ulike fellesskap for tru, forankring og teneste.

Den teknologiske utviklinga utfordrar kyrkja, og vi kommuniserer med kvarandre også meir gjennom sosiale media og via nett. Påmelding og registreringar skjer lettare og meir brukarvenleg, samstundes er det mellommenneskelege møtet framleis av stor og avgjerande verdi. Særleg i ei tid der mange melder at dei er einsame og mangler fellesskap og nære relasjonar trengs det møtestader som ikkje bygger på konkurranse eller kjøpekraft. Prestetenesta si lange utdanning for å ta vare på sårbare menneske er ein anerkjent og godt brukt ressurs i sorgarbeid og samtale.

Vi gler oss til det nye kapellet på Excelsior kan fyllast med stillheit for alle som vil gå innom i kvardagen, og samtalerom som vil opne for spontane samtaler i rolege og trygge omgjevnader. Det vert auka press på gravferder etter kvart, og Ulstein gamle kyrkje vil frigjerast til å tene som seremonirom i større grad når vi kan flytte barnehage-, skulebesøk og ungdomsarbeid, kor mm. over i det nye kyrkjebygget. Ein unik situasjon for Ulstein, også som pilegrim og turistmål. Vi vonar og ber at fleire vil vise mot, handlekraft og vilje til å løfte i flokk for å realisere dette.

# Diakoni - Saman i teneste for kvarandre

*Det diakonale arbeidet i Ulstein omfattar ikkje berre det arbeid og oppgåver som diakon og diakoniutval står for, men er noko som er ein del av heile kyrkjelyden sitt arbeid.*

*Vi elskar fordi han elskar oss først 1. Joh. 1,19*

*Diakoni er omsorg for heile menneske og evangeliет i handling.*

*Diakoni er lettare gjort enn sagt!*



**Øverst t.v.:** Ingen unntak frå standardmenyen når biskopen møtte Nykyrkjekarane. **t.h.:** Inger Margrethe Roppen opna koldtbordet då biskopen tok del på soknerådsmøte på Flø. **Under t.v.:** Diakon Ranveig Kaldhol held andakt på Ulstein sjukeheim. **Under t.h.:** Det er glad salmesong på Ulstein sjukeheim på andaktene kvar torsdag. (Foto: Ulstein kyrkje).

**Vi har ein diakoniplan som synleggjer det diakonale arbeidet i Ulstein sokn. Den er tufta på dei fire søylene i den norske kyrkja sin plan for diakoni:**

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Kamp for rettferd
- Vern om skaperverket

Diakoni er omsorg for heile mennesket og evangeliet i handling; Nestekjærleik - Inkluderande fellesskap - Vern om skaparverket - Kamp for rettferd. Vi har i Ulstein sokn ein diakoniplan der målsettinga for arbeidet er stadfest og arbeidet er lagt opp for å verkeleggjere dei målsettingane vi har.

### Nestekjærleik

#### Aksjon Hjartevarme

Det vart for andre gong skipa til ein aksjon før jul med å samle inn mat og lage matkassar til folk i kommunen som har ei utfordring økonomisk.

Det er flott å sjå kor mykje som vert gitt både av mat og pengar. Til saman vart

73 matkasser fylte og det var omrent 150 personar som fekk av dei. I år var aksjonen i samarbeid med Frivillighetssentralen. Dei har jamt kontakt med ein del folk for matutdeling, og i deira lokale var det god plass til å pakke. Berre leiar av frivillighetssentralen og diakonen visste kven som fekk kassene. Vi vonar at tilbodet er kome for å bli og vi takkar «Nykyrkjekarane» for initiativet og ikkje minst alt arbeidet.



#### Stille time

Vi har som mål å legge til rette for at menneske kan hente styrke og hjelp i relasjonen til Gud. Vi ønskjer å gje rom for stille og kvile og tid til bønn og ettertanke.

Kyrkja er open frå tysdag til fredag frå kl. 08:30 til 1600. Kven som vil kan då setja seg inn for å ha ei stille stund. 2 gongar kvar månad er det Stille time frå kl. 20 til 21.00. Då er det tekstlesing og musikk og den som vil kan tenne lys. Ein gong kvar månad er det ein liten liturgi tufta på Keltisk tradisjon. Det er Elsa Sæter, Astrid Viseth, Bjørg Allis Hånes og diakonen som er ansvarlege. Eldar Husøy har spela piano når det er keltisk kveldsbøn.

I Stille time er det høve til å be om samtale og forbøn.

#### Lunsjbøn

Ein onsdag kvar månad har det vore arrangert lunsjbøn i kyrkja.

Då har ein hatt ei kort andaktsstund før ein åt lunsj saman. Forutan staben var der 5-8 som kom kvar gong.

#### Samtale og sjælesorg

Menneske som ønskjer det kan få samtale med prest eller diakon. Mange nyttar tilbodet og det var rundt 210 sjælesorgsamtalet i 2019.

#### Heimebesök og møteplassar

Diakonen vitjar ein del eldre som ønskjer besök og har også kontakt med personer som har mista ektefellen. Det vart gjort omrent 80 besök.

Vi har vidare som mål å lage møteplass for heimeverande med små barn og for nye i bygda (utlendingar og norske utan barnehageplass)

Bygkeklossen open barnehage og Babysong er viktige tiltak for denne gruppa. Dette er omtala i eige kapittel.

#### Sorggruppe

Det vart hausten 2018 starta opp sorggruppe som avslutta i 2019.

Det vart og gitt tilbod til ny gruppe hausten 2019, men det var ingen som meldte seg på denne gongen.



Øverst: Kyrkjelydsfesten på Kjeldsund samlar barn og unge. Under t.v.: Kyrkjekaffien er ein fin møteplass!

## **Allehelgensamling**

Laurdag før helgemesse vert alle som har mist nokon siste året inviterte til ei samling i kyrkja. Namna på dei avlidne vert lest opp og det vert høve til å tenne lys. Iver Olav Grimstad og Ståle Helvig stod for det musikalske innslaget. Det vart ei fin stund og 95 personer tok del.

Søndagen var det og høve til å minnast dei ein saknar under gudstenesta.

## **Bygdastova**

Det var våren 2019 fem samlingar for eldre på bygdestova skipa til av Aasmund Tandstad, Endre Havåg, Torstein Aksnes, Astrid Haddal Ryssevik og diakonen. Frå hausten vart det ikkje starta opp att, då det berre var 3 som kunne være med å arrangere og det dessutan ikkje var så mange som kom. Det er vanskeleg å be folk førebu seg og evt reise eit stykke når berre rundt 10 personar deltek.

## **Samling for eldre av eldre**

Vi hadde ei samling for eldre under trebåtfestivalen også sist år. Fleire eldre song, ei las dikt og Jørgen Skogestad Kleiven held andakt. Samlinga vart organisert i samarbeid med dagsenteret på sjukeheimen. Det var rundt 50 personar som deltok. Etterpå vart det servert kaffi og vaflar.

## **Kyrkjekaffi**

Kyrkjekaffien er ein viktig møteplass. Etter dei fleste gudstenester samlast vi på Fredheim til sosialt samvær. Det er ein fin plass å møte kjende på for å snakke og ikkje minst er det ein fin plass å bli kjend med nye. Takk til alle som lagar til.

*Har du lyst til å vere med å hjelpe  
til med å lage til kyrkjekaffi - ofte eller  
av og til? Ta kontakt med May-Britt Nesse  
Garnes på mobilnr.: 404 62 902*

## **Inkluderande fellesskap**

### **Blomstrande gudstenesteliv**

Det er eit rikt og mangfaldig gudstenesteliv i Ulstein kyrkje. Mange frivillige deltek; med å ønskje vel møtt, barn får være med som kyrkjessaler, tekstlesing eller musikalske innslag.

### **Overføring av gudsteneste**

Som kyrkje ønskjer vi også å gje eit åndeleg tilbod til dei som ikkje kjem seg så lett til kyrkje. Dei som bur på sjukeheimen eller bygdestova får ta del via tv overføring, dverre enno med tekniske utfordringar. Eg veit at nokre set seg saman og slik opplever å være ein del av fellesskapet. Litt synd at kyrkjelyden helst set seg på bakarste benk og der kan dei sitja tett, mens dei fremste benkane er tome, slik at dei som ser på TV ikkje får rett inntrykk.

### **Tolketeneste**

Det er kvar søndag tilbod om tolking til engelsk og tekstane som blir lesne vert gjeven til flyktingane på ein lapp i forkant av gudstenesta, slik at dei kan slå opp tekstane i eigen bibel.

## **Ulstein sokn har diakon i 100% stilling og eit diakoniutval som består av:**

Inger Margrethe Roppen  
(leiar). Tørris Hegdal og  
Anne Marie Hopland.

## **Tilsette**

Diakon Ranveig Kaldhol:  
100% fram til 01.09.2019,  
50% stilling fram til vår 2020.

Diakoni Karine Sæter:  
15% fram til vår 2020.

Diakonimedarbeidar  
May-Britt Nesse Garnes:  
35% stilling.



Noko for ein kvar smak: May-Britt serverer kyrkjesaft - det er like viktig som kyrkjekaffi!



## Andakter

Det var andakt på sjukeheimen og bygdestova mest kvar torsdag, totalt 72. I tillegg var det nattverdsgudsteneste på Alvehaugen (Ulstein sjukeheim), Ulshaug (Bygdestova) og i Holsekerdalen 20, 2 gonger kvart semester.

## Gudsteneste med universell utforming

Gudsteneste med universell utforming vart skipa til både på sommaren og før jul. Fjøresteinane deltok. Fleire personar var med på framføring av julespelet, og det var flott å sjå kor dei levde seg inn i oppgåva. Det kom fleire bilar frå Ørsta og Volda. Vi hadde ei god matykt etterpå og det er særskjekt. Diverre er bebuarar på institusjonar prisgitt sine hjelparar og om dei ikkje har syn for samlinga, kjem dei ikkje. Det var 102 personar på dei to samlingane.

Fjøresteinane spela og på siste gudstenesta før jul. Dette er ein tradisjon mange set pris på.

## Kyrkjelydsfest

Vi arbeider heile tida med å styrke fellesskapet, samtidig som vi ønskjer være inkluderande. I fleire år har vi hatt sommarfest på Kjeldsund. Sist sommar var gudstenesta også der og det vart ein flott dag. Barnekoret og Tween-sing deltok og dei hadde hatt øving med Daniel Waka som spela trommer og dansa. Vel 250 personar var innom.

## Internasjonal kvinnegruppe

Internasjonal kvinnegruppe samlast regelmessig 2 gongar kvar månad. Det er mellom 12 til 18 som kjem kvar gong og prat og mat er ein viktig bit, men vi syng og ber og saman. Det er eit fint fora å informere om ting som skjer i byen, norske tradisjonar og samfunnet elles.

## Kontakt med immigrantar

Diakonen hadde saman med presten dåpsopplæring av ei mor busett på mottaket og hennar 2 barn. Dei vart døypt i kyrkja den 22 september og kyrkjekaffen var ein stor dåpsfest.

Det vart svært tydeleg den dagen at kyrkja ikkje er tilrettelagt for fysisk funksjonshemmning då den eine av dei som skulle døpast måtte løftast opp. Dersom det er fleire rullestolar i kyrkja er det trøngt og ei utfordring når det gjeld brannsikring. Dei kan heller ikkje delta i nattverd på lik linje med andre.

## Asylmottaket skal leggast ned

Det vart i haust kjend at asylmottaket skulle leggast ned og det var ein tøff beskjed for mange av flyktingane. Mange av dei som budde der var komne til Ulstein frå andre mottak som var stengde og følte at dei akkurat hadde "landa". Spesielt for dei med barn var det vanskeleg.

Mange har opplevd Ulsteinvik som ein trygg og god plass å bu, venlege folk og kort veg til butikkar og sentrum. Det vart mange samtalar og tekoppar, og ein del tårer.



*Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i eit globalt så vel som i eit lokalt perspektiv. Vi ønskjer å formidle haldningar som er inkluderande og aksepterande.*

## Vern om skaparverket

Kyrkjelyden har som målsetting å fremme glede og respekt for skaparverket og arbeider med den bibelske forståing av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.

Ulstein kyrkjelyd er en grøn kyrkjelyd og det forpliktar. I trusopplæringa er det samlingar for barna i 1. og 2. klasse som fokuserer på dette med skaparverket. Kyrkjelyden har også hatt fleire turar etter gudstenestane organisert av frivillige. Det har og vore frilufts-gudstenester.



Denne sida, øverst: Fridays for Future på besøk på kyrkjekontoret. Det å ta vare på skaparverket er eit ansvar som også kyrkja er oppteken av.

## Kamp for rettferd

Kampen for rettferd er viktig i ei diakonal kyrkje. Ulstein sokn er engasjert både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Lokalt skjer det ved at vi stør mange organisasjonar som arbeider for å hjelpe folk som lir og ved samtalar. Ved kyrkjekollekt stør vi blant anna Kirkelig ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep, Blå Kors, Kirkens SOS og Kirkens bymisjon.

Internasjonalt støttar vi Kirkens nødhjelp som er ein kyrkjeleg organisasjon som arbeider for å avskaffe fattigdom og urettferd. Konfirmantane samlar kvart år pengar under Fasteaksjonen, då alle hus i kommunen får besøk på døra. I 2019 vart det samla inn rundt 90 000 kr.

Gjennom regelmessige gåver stør også Ulstein sokn misjonærane Anders og Karen Myrene i Kambodsja. Dei unge har og jamleg kontakt med Anders og Karen Myrene og deira arbeid i Kambodsja.

Gjennom samarbeidet med Sunnmøre folkehøgskule og Globallopet er også kyrkjelyden med å stør viktig utviklingsarbeid i Tanzania.

Ulstein sokn har misjonsavtale med NMS og samlar inn til NMS si satsing i Midtausten. Denne satsinga muliggjer prosjekt som er til stor hjelpe for kristne i dette området. Den politiske situasjonen set kristne minoritetar under press og mange har opplevd vald, undertrykking og represaliar. Prosjekta som får stønad gjennom soknet si innsamling er TV-stasjonen SAT7 som når ut til veldig mange. Sendingane gir håp, bygger tru og er eit viktig fellesskap for mange som opplever at dei ikkje kan møtast fritt.

Ei kristen bokhandel i Kairo og det kristne senteret Anafora i Egypt er også del av misjonsavtalen. Gjennom prestane sin studietur og ein tur organisert av NMS har fleire frå soknet fått besøkt desse prosjekta og snakka med folk som understreker kor viktig det er med både bøn og pengar for dei kristne i området.


Kyrkjelyden fekk presentert inntrykk frå NMS sitt besøk ein torsdagskveld på Fredheim. NMS sitt arbeid vert og formidla gjennom gudsteneste i kyrkja.

Ved kyrkjekollekt stør vi også Stefanusalliansen som arbeider for kristne som vert forfølgde rundt om i verda.

Frivillige i kyrkjelyden har brukt tid på å hjelpe og rettleie asylsøkjarar i deira prosess og hjelper dei å forstå brev og informasjon dei mottek.

Venstre side, to øverste biletene: Forbøn for kyrkjelyden og forbøn for verda.

Venstre side, nederste biletet: På kyrkjelydfesten fekk vi høyre Azizpour-Saghez si flotte songstemme.



## *Foreldre og barn - Saman i barnehagen*



## Opningstider

Barnehagen, nede på Fredheim:  
Fram til sommar:  
Tysdag og torsdag  
kl. 10:00 - 14:00

Etter sommar:  
Onsdag kl. 09.00 - 15.00

Babysong, oppe på Fredheim:  
Annakvar veke.  
kl. 12:00 - 13:00

## Byggeklossen Open Barnehage

Byggeklossen Open Barnehage har fungert som ei viktig teneste for Ulstein kommune i mange år, men etter kvart som barnehagedekning i kommunen er styrka kan det sjå ut som om behovet er noko redusert. Talet på barn har gått ned, men vi trur likevel at tilbodet er særsviktig.

Byggeklossen open barnehage er den einaste opne barnehagen i kommunen der barn og foreldre tek del i tilbodet saman. Dette gir både kvalitetstid for barn og vaksne saman, og med kvarandre. Tilbodet er ope og fungerer utan påmelding eller tildeling av plass på førehand. Mange som bruker Byggeklossen Open Barnehage gjer dette regelmessig for ei avgrensa periode, men mange også sporadisk med barn i ulik alder. Variasjonen i besøkstalet kan vere ganske stort. Barnehagen fylger skuleruta, og held stengt i skuleferiane.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan, er regulert av Lov om barnehagar, og Rammeplan for barnehagar, og er drive etter utvida kristen formålsparagraf. Ved sida av det pedagogiske tilbodet med formingsaktivitetar, samlingsstunder, song, forteljarstund og presentasjon av nokre bibelfortellingar er kontaktskaping og nettverksbygging eit unikt bidrag frå Byggeklossen Open Barnehage for mange som er nye i samfunnet. Mange brukarar fortel at det er i Byggeklossen dei vart kjent med andre foreldre og fekk god hjelp med å kome inn i Ulsteinsamfunnet.

Ca. 10 frivillige pensjonistar har stilt på turnus i barnehagen med å ta i mot brukarar, registrere barna, vere dørvakt og hjelpe til med nokre praktiske oppgåver. Diakonen har engasjert seg i barnehagen og har fokus på barnefamiliar, pensjonistar og innvandrarar slik at barnehagen blir ein samhandlingsarena for både kyrkjelyd og samfunn.

Byggeklossen har hatt samarbeid med barnehagesektoren i kommunen, asylmottaket, distrikts-tannklinikken og helsestasjonen.

### Babysong - ein god start for foreldre og barn

I 2019 vart det gjort ei satsing på Babysong. Dette året engasjerte vi musikkpedagog Kari Aske Osnes til å halde desse samlingane.

Sosialisering, relasjonsbygging, språkutvikling, musikkglede og godt fellesskap har vore tanken bak å tilby dette som ein del av barnehagens arbeid. Fokuset er samspel foreldre-barn og skal samtidig være et tiltak for å knytte relasjon til kyrkja og andre i same livssituasjon.

### Bemanning

Våren 2019 hadde Byggeklossen ope 2 dagar i veka tysdag og torsdag, men etter sommaren var det opent berre 1 dag, onsdag. May-Britt Nesse Garnes og Beate Ulstein har drive barnehagen, med Bjørn Losvik som pedagogisk ansvarleg.

Eit samarbeidsutval med 2 representantar frå brukarane, sokneråd, administrasjon og tilsette har eit årleg møte for å godkjenne årsplan i samsvar med Rammeplan og Lov om barnehagar.

# Kyrkjemusikk - Saman til Guds ære og glede for kvarandre

*Musikk i kyrkja engasjerer breidt. Omlag 3650 besökjande kom på konsertar som vart arrangert i kyrkja i løpet av 2019. 270 frivillige aktørar over 15 år har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument i gudsteneste. I tillegg kjem alle barn og unge under 15 år som har vore aktivt med (t.d. barnekora i Ulstein sokn). Om lag 500 har vore med på planlegging/gjennomføring av konsertar i kyrkja. Samspelet mellom musikken, bodskapen og kyrkjeromet opnar for opplevingar mange set pris på.*



**Song/musikk/kulturarrangement  
i Ulstein kyrkje 2019**

- 31.01** Salmekveld på Fredheim - "Min salme"
- 11.04** Konsert - Gospelkoret
- 17.04** Orgelkonsert - Ståle Helvig
- 12.05** Konsert / Kulturveld - Ulstein kyrkje 170 år
- 12.06** Konsert - Ulstein mannskor og gjestekor
- 15.08** Konsert - For/med eldre
- 16.08** Konsert - «Frå pub til Katedral»  
v/ Sindre Løvik m. fl.
- 08.09** Konsert - til inntekt for "Suwalkis vener"
- 12.09** Klangfestivalen (Hoem/Sommerro m. fl.)
- 26.09** Konsert - "No stig vår song". Nynorske salmar
- 26.10** Konsert - Alive-festivalen
- 03.11** Konsert - Jazz og Koral
- 17.11** Merete Brandal m. fl.
- 23.11** Gospelkonsert - Ulstein TenSing med gjestar
- 28.11** Ulstein kulturskule
- 01.12** Damekoret Lyst
- 07.12** Konsert - Mosaic
- 15.12** Konsert - "Vi syng jula inn"
- 22.12** Konsertar - Julenattiné

**Kordeltaking/solosong/ekstra instrumental  
i gudstenester**

Ulstein Tween Sing	3
Korklubben	6
Ulstein Ten Sing	2 + Drypp
Gospelkoret K/M	2
Solosong	13 + Drypp
Forsongargrupper barn/unge	6 + Drypp
Ekstra instrumental/band	24
"Kor" skulegudstenester	3
"Kor" barnehagegudstenester	3
Klassekor (utdeling biblar til 5-kl.)	1
Påskekor/julekor	4
Fjøresteinane	3
Hasund Dimna U.	1
Ulstein mannskor	1
Con Moto	1
SUFH-gruppe med band	1
LysVakenkor	1
Tårnagentkor	1
Lakris	1
Jazz og Koral	1

**Om aktivitetar Korklubben og Ulstein Tween sing (Utdrag frå årsmeldinga til kora):**

<b>6.01</b>	Song på julefest på Kjeldsund	Tween Sing
<b>13.01</b>	Gudsteneste i UK	Gruppe Korklubben
<b>3.02</b>	Visitasgudsteneste i Ulstein kyrkje	Tween Sing
<b>3.02</b>	Gudsteneste i UK (avslutningsgudsteneste dåpsskulen)	Korklubben
<b>9.03</b>	UKM, Sjøborg	Tween Sing
<b>16.03</b>	Korfestival kulturhuset, Norfjordeid i regi KFUK/M	Korklubben
<b>17.03</b>	Tårnagent gudsteneste i UK	Tween Sing
<b>17.05</b>	Gudsteneste i UK	Korklubben
<b>20.05</b>	Sommaravslutning heime hos Gunhild V. Grimstad	Korklubben
<b>25./26.05</b>	Sosialtur/øving/overnatting på gamle Vonheim, Flø	
	Afrikansk song med Daniel Waka	Tween Sing
<b>26.05</b>	Ulstein sokn sin sommarfest, Kjeldsund	Tween Sing/Korklubben
<b>25.08</b>	Gudsteneste UK	Korklubben
<b>07.09</b>	Ulsteinmess	Korklubben / Tween Sing
<b>29.09</b>	Gudsteneste i UK. Hausttakkefest	Korklubben
<b>16.11</b>	Fredheimbasaren	Tween Sing / Korklubben
<b>01.12</b>	LysVakengudstenesta	Tween Sing
<b>24.12</b>	Julaftangudsteneste i UK	Korklubben

## **Medlemer av utvalet:**

Øyvin Sønnesyn,  
Susanne Gamlem,  
Jan Thormodsæter  
og Ståle Helvig

## **Arbeidet gjennom året.**

Den musikalske aktiviteten har vore stor og mangfaldig. Arbeidet med julenattiné har utgjort mykje av arbeidet i utvalet.

### **Økonomi**

Utleige av kyrkja til konserter i 2019 har vore på det jamne. Dette har gitt noko inntening. Godt besøk på konserten «Frå pub til katedral» gav god inntening til soknet. Konserter som Ulstein sokn er arrangør for er budsjettet inn i soknet sitt budsjett. Her har det vore rimeleg bra økonomistyring.

27. november 2019 fekk Ulstein kyrkje eit flunkande nytt Steinway & Son piano, type K132. Finansiering av det nye pianoet er ei gåve på kr. 100.000,- frå Sparebanken Møre, overskot frå julenattiné 2019 og innsamla midler.

### **Vurdering av arbeidet**

#### **Barnekorarbeidet (delvis henta frå årsmeldinga til barnekora).**

Ulstein sokn har ansvar for 2 kortilbod: Korklubben (31 betalande medlemmer i 2019) og Ulstein Tween sing (15 betalande medlemmer i 2019).

Eit høgdepunkt for Tween Sing dette skuleåret, var å bli med på UKM-mönstringa på Sjøborg. Der var dei aller først på programmet, og song «Umbrella» (Rihanna), og «Bridge of light» (Pink).

Koret hadde ein overnattingstur på Vonheim, Flø 25-26 mai i år. Der heldt Daniel Waka songseminar med vekt på afrikanske songar. På programmet stod elles leik, mat, finalen i Grand prix jr. på storskjerm og sosialt samvær. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret. Søndags morgen drog koret til Kjeldsund, der dei song på Ulstein kyrkje si gudsteneste/sommarfest. Der deltok også Korklubben.

Victoria Nedrelið takka av som korleiar i Ulstein Tween Sing etter UKM framsyninga 9 mars. Etter det hadde kantor Ståle Helvig koret åleine. Frå oppstart hausten 2019 overtok Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde som leiarar i Ulstein Tween Sing.

Eit høgdepunkt for Korklubben dette året var deltaking på Korfestival på Kulturhuset Nordfjordeid. Inspirerande seminarhaldar var Barbro Wiig Sulebakk. Ho hadde også med seg solistar frå Team Sulebakk: Gruppa «Gutta» og Serlina Sulebakk. Dette var eit særslig inspirerende arrangement som vart avslutta med ein stor konsert på Kulturhuset.

### **Prosjektkor**

Det er også dette året blitt etablert kor i høve festgudstenestene i påska og jula. Koret song på gudstenestene langfredag, påskenatt og 1. påskedag, samt 1 juledag. Desse kora har det vore god oppslutning om, men det har ikkje kome signal frå desse songarane om ynskje om meir fast gudsteneste-korverksemd. Kyrkjekoret i Ulstein sokn er difor framleis «i dvale».

### **Konsertverksemd i eigen regi.**

Det er etter kvart blitt etablert nokre «faste årlege konserter» i Ulstein kyrkje: Orgelkonserten onsdag i den «stille veka», Ulstein Mannskor sin konsert under «Smak av Ulstein», «Jazz og Koral» Allehelgensdag, kulturskule-konserten i adventstida, «Vi syng jula inn» 3 søndag i advent, og Julenattiné 22. desember.

Vi merkar god oppslutning om desse konsertane.

I høve Ulstein kyrkje sitt 170-årsjubileum, vart det laga til eit kulturarrangement så å seie på dagen Ulsteinkyrkja vart innvigd. Øystein Ekroll holdt eit



foredrag om og rundt kyrkja. Det vart også eit gjensyn med ei akt frå Odd Magnus Osnes sitt kyrkjespel frå 1999, og sjølvsagt mykje flott song og musikk.

I høve årets trebåtfestival, arrangerte Ulstein sokn konserthen «Frå pub til katedral». Her presenterte Sindre Løvik med 3 musikarar verdslike og sakrale songar frå songtradisjonen i irsk/keltisk område. Det var særskilt godt oppmøte på denne konserten.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattine 2019. I år var det 22. året julenattineen vart gjennomført, med svært bra oppslutning. Også dette året klarte utvalet å vise mykje av bredden av musikklivet i Ulstein. Det var 7 nye solistar dette året. Orkesteret bestod av 9 musikarar.

### Musikk i gudstenestene

Elles er mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja også dette året kanalisert gjennom gudstenestene. Dette viser igjen i talet på musikkdeltaking. Dette er i tråd med intensjonen i gudstenestereformen. Det er viktig at musikalsk mangfold får utfalde seg i gudstenestene.

### Nytt kyrkjespel

Gruppa som har arbeidd med dette er medlemmane i kyrkjemusikkutvalet, Dagfinn Olav Bye (regissør), Jan Ove Ulstein (forfattar) og Christfried Kaul.

Arbeidet med nytt kyrkjespel har kome betrakteleg lengre, i og med at vi no sit med eit ferdig nedbetalt manuskript og musikk av Henning Sommerro. Spelet er tablå-messig utforma, og ber preg av å vere syngespel. Planen er å framføre det på Sjøborg laurdag 20 mars 2021.

### Kantor si rolle i trusopplæring/kontakt med skulane

Dei siste åra har kantor fått ei større og større rolle i trusopplæringstiltaka i soknet. Det dreier seg om tårnagentsamlinga, dåpskulen for 6-åringar, konfirmantleirane, påskevandring, «skapt», «nytt liv» og «lysvåken». Engasjementet har vore frå totalengasjement til engasjement berre på den musikalske biten.

I tillegg har kantor dette året hatt uvanleg mange (8) skulebesøk, etter invitasjon frå skulane. Det dreier seg om øving til skulegudstenester, song med klassar, songframföringar med klassar, presentasjon av kantor sitt arbeide og deltaking på kulturskulekonserten.

Alt dette har vore tidkrevjande og i periodar intenst, men viktig med tanke på kontaktflate-utviding.

### Moglegheiter framover

Det ligg mange utfordringar i «Plan for kyrkjemusikk og kultur» for Ulstein sokn. Desse dannar grunnlag for hovudsatsingar vidare. Her kan nemnast:

- Gje rom for dei ordlause kulturutrykka i gudstenesta (dansen/biletet)
- Gje gode og attraktive kortilbod i alle stilartar, og alle aldrar
- Lokal framföring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje

Ei stor utfordring er å finne konsept for attraktiv konsertverksemdu som trekk såpass folk at det ber seg økonomisk. Gode prosjekt som sannsynlegvis ikkje trekk folk får vi stadig tilbod om. Slike prosjekt kan ikkje kyrkjemusikkutvalet/Ulstein sokn ta økonomisk ansvar for. Her er utfordringar, og ein kan kanskje tenke nyt og utradisjonelt: Lokalt tilsnitt, lokaldugnad, regional tenking (t.d. prostiplan) eller årvisse arrangement på strategiske tidspunkt.



# Undervisning - Saman i læring og praksis

*Trusopplæringa: Vi ønskjer å stå saman med familiene i løftet om å la barna få leve og vekse i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.*



## Trusopplæringstilbod:

Dåpssamtale.

Babysong.

1 år: Dåphelsing m/ bilet.

2 år: Samling m/ song, utdeling av spisebrikke og lunsj.

3 år: Dåphelsing.

4 år: Undretur og gudsteneste. m/ utdeling av "Mi kyrkjebok".

5 år: "Sauen som vart borte".

6 år: Dåpsskulen.

1. kl.: Skapt (Ute i krinsane).

2. kl.: Nytt liv! (Ute i krinsane).

3. kl.: Tårnagent i kyrkja.

5. kl.: Bibelutdeling / kode B.

6. kl.: LysVaken, eit døgn i kyrkja.

9. kl.: Konfirmantundervisning.

15-18 år:

- Drypp ungdomsgudsteneste

- MILK-kurs

- Leiartrening på leir

- Alive-festival

- Ulike tilbod i samarbeid med ungdomsorganisasjonar.



## Trusopplæringa i Ulstein sokn

Arbeid med å vidareutvikle eit godt tilbod for ei systematisk trusopplæring heldt fram i 2020. Det er innført eit nytt tiltak for 3 åringer og nokre tiltak, som t.d. for barn i 2års- alderen har blitt endra og fått betre oppslutnad. Kyrkjelyden har eit rikt tilbod av kontinuerleg barne- og ungdomsarbeid som er eit viktig supplement til trusopplæringstiltakene. Mange er med i det kontinuerlege arbeidet og saman med eit aktivt familiegudstenestetilbod skjer trusopplæringsarbeid gjennom mange kanalar.

Mange av trusopplæringstiltaka finn stad i tilknyting til ei gudsteneste. Barna tek aktivt del i gudsteneste og får eit godt forhold til kyrkjerommet og til gudstenestelivet.

### Oppslutnad

Vi opplever at mange tiltak har blitt godt etablert og mange av barna veit allereie at dei skal kome igjen og gleder seg til neste tiltak. Personleg invitasjon gjennom brevsending er viktig for å nå ut. Etter at breva er sendt tek gjerne sosiale media over og påmeldinga skjer på nettet. Foreldre er ofte også aktive med å dele og invitere andre i kullet. Vi opplever det som avgjerande for ein god oppslutnad å vere aktiv i sosiale media. Tiltak for 2åringar, undretur, Skapt, Tårnagent og LysVaken har hatt best framgang i oppslutnad.

### Tenesteoppgåver for konfirmantane i trusopplæringstiltak

Konfirmantar har det som tenesteoppgåver å hjelpe til på ulike trusopplæringstiltak. Barna synest det er stas at ungdomar er med og for konfirmantene er det ein viktig del av læring at kyrkja blir til ved at medlemane tek aktivt del. Mestringsoppleving i oppgåvene er også viktig for konfirmantane.

### Kyrkjerommet – eit skattekkammer og ei utfordring

Å ha ei kyrkje i sentrum og nær barneskulen er praktisk og gir oss moglegheit til at barn kan kome rett frå skulen for å delta på trusopplæringa i kyrkja. Kyrkja er eit annleis rom som gir muligheter for undervisning på måtar som andre rom ikkje kan tilby. Symbolikken og interiøret fortel både lokal historie og verdshistorie, formidlar tru på ein heilt eigen måte og romet inviterer til å ta ei pause frå alt anna. Den er både nær, personleg, men også litt mystisk slik at kyrkjerommet opnar opp for dei store forteljingane. Kyrkjerommet er eit skattekkammer for undervisning!

Samstundes er kyrkjerommet veldig låst i oppsettet og ofte opplever dei tilsette det som direkte ueigna for å drive undervisning på dagens premisser. Toalettforholda er under ein kvar standard, kyrkja er ikke universell utforma, det manglar grupperom, lagringskapasitet, serveringsmuligheter og muligkeit for å installere moderne verktøy for undervisning som barna er vande med frå skulesamanheng. Eit verna kyrkjelokale som einaste lokale kyrkjelyden disponerer er eit reelt hinder for å kunne ta ut potensiale som ligg i kyrjeleg undervisning.

### Utfordringar

Etter at trusopplæraren sa opp stillinga si for å starte i tilsvarande stilling ein annan stad, var vi utan trusopplærar i haustsemesteret. Dette, saman med sjukemeldingar, gjorde hausten til ei utfordrande tid for trusopplæringsfeltet. Likevel fekk vi, ved hjelp av god innsats frå tilsette i Ulstein sokn og delvis innleigde vikarar, gjennomført alle etablerte trusopplæringsfelt. Vi hadde eit mål om å starte opp tre nye trusopplæringstiltak hausten 2019, men ut frå situasjonen vart det bestemt at dette ikkje var tida for å starte nye tiltak.

Vi tilsette kyrkjelydspedagog som starta i januar 2020.

Alder	Trusopplæringstilbod	Oppslutnad i %					Snitt i %
		2016	2017	2018	2019	2016-19	
0	Babysong		114	80	77	90	
0	Dåpssamtale	103	96	123	108	108	
2	Samling i kyrkja. Song, lunsj og utdeling av spisebrikke			18	43	31	
3	3 år i år				20	20	
4	Undretur i kyrkja og gudsteneste/utdeling av bok	82	57	84	88	78	
5	Sauen som vart attfunnen - Leik og forteljing	30	30	36	25	30	
6	Dåpsskule. 5 samlinger, 2 gudstenester	44	44	56	57	50	
7	1. klasse: Skapt.	17	55	51	71	49	
7	2. klasse: Nytt liv + Hausttakkefest i kyrkja	32	51	79	40	51	
9	3. klasse: Tårnagent + gudsteneste	35	59	43	64	50	
10	5. klasse: Kode B	13	0	34	33	20	
11	6. klasse: LysVaken + gudsteneste	32	33	17	47	32	
15	Konfirmasjon	97	91	97	91	94	
<b>Totalsum</b>		<b>45,7%</b>	<b>54,8%</b>	<b>56,5%</b>	<b>55,4%</b>	<b>51,5%</b>	



## Konfirmasjon

Laurdag 14. og søndag 15. september 2019 sto 99 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Vi opplever at oppslutninga om konfirmasjonen er rimeleg stabil, og registrerer at deltakartalet ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. I følgje «Plan for trosopplæring - Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehalde 60 timer med aktivitetar: Undervisning, gudsteneste og sosiale samlingar. I Ulstein sokn blir dette gjennomført med:

- **Undervisning:** Samlingar i kyrkja og på Fredheim (to store samlingar i haustsemesteret, knytt opp mot presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember),
- **Gudstenestedeltaking.** I tillegg til gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, skal dei i tillegg velje nokre gudstenester sjølv. Dei blir oppmoda om å gå til ei gudsteneste i eit anna kristent trussamfunn, for å erfare kva som er likt og kva som er annleis samanlikna med gudstenester i Den norske kyrkja. Dei blir også oppmoda om å delta på Drypp, som er gudstenester i Ulstein kyrkje av og for ungdom.
- **Konfirmantleir.** Ein god del av undervisninga er lagt inn i konfirmantleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også sosialt fokus. På leiren er det med mange tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar, som gjer ein stor innsats for at konfirmantleirane skal bli gode læremessige og sosiale arenaer.
- **Tenesteoppgåver.** Alle konfirmantane er med på å gjennomføre eit tiltak som er retta inn mot ei anna aldersgruppe i kyrkjelyden, barn, ungdom, vaksne eller eldre. Slik får konfirmantane erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja og i regi av kyrkjelyden gjennom heile veka og heile året.
- **Fasteaksjonen:** Kvar vår går konfirmantane med bøsse for å samle inn pengar til det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelph. I forkant av dette lærer dei om det dobbelte kjærleksboden, Den gylne regelen, det kristne forvaltaransvaret og internasjonal diakoni.





*Konfirmanttida i Ulstein byr på  
leir, gudsteneste, diskusjon,  
undervisning, bibel, bøn,  
lystening, leik,  
fellesskap,  
gode opplevelingar  
... og mykje meir!*



## MILK

Nokre veker etter at konfirmasjonsgudstenestane er vel overstått, får konfirmantane tilbod om å delta på Minileiarkurs (MILK). Dette er eit viktig rekrutteringstiltak for Ulstein sokn, når det gjeld å dyrke fram leiatar til komande års konfirmantleir. Skuleåret 2019/2020 meldte 10 ungdommar seg til å delta på MILK. Dette er verdifull leiartrening både for kyrkje og samfunn, og ei investering vi som kyrkje dreg nytte av i åra framover.

## Kontakt med barnehagar og skular



Over lang tid er det skapt gode relasjoner med barnehagane og skulane. Kyrkja er ein ressurs i undervisninga på skulen, både som eit bygg med lang historie, gjennom preget kyrkja har sett på lokalsamfunnet, men også som ein samfunnsaktør som nå breidt ut med sitt arbeid.

Mange samarbeidstiltak har blitt ein god tradisjon. Det pågår samarbeid kring Bibelen i ramme av KRLE-faget og i samband med utdeling av biblar til femteklassingar. Påskevandringane for barnehagane og andreklassingar er eit populært tilbod, men vi opplever også at klasser kjem til kyrkja for å bruke ressursane bygget kan by på inn mot tverrfagleg undervisning.

Det var ekstra mange skulegudstenester i 2019 på grunn av visitas. Biskopen fekk oppleve barn som er fortruleg med kyrkja si og som var aktivt deltagande. Det har også igjen vore eit godt samarbeid kring barnehagegudstenestene og skulegudstenestene i juletida. På grunn av sikkerhet og eit lite kyrkjerom vart barneskulen i Ulstein for første gong fordelt på 2 gudstenester i 2019.

## Komité:

For Ulstein NMS:  
Sama Haify (fram til vår 2019)

For Ulstein KFUK/KFUM:  
Judit Grimstad Hatløy

For Ulstein sokn:  
Bjørn Losvik

## Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Det vart gjennomført sju "Torsdagskveldar på Fredheim" i 2019, tre i vårsemesteret og fire i haustsemesteret. Sama Haify slutta på våren, det har vore vanskeleg å få inn nye personar frå NMS. Det trengst ein til person til komiteen.

### Vårsemesteret:

- 31.01 Songkveld i samband med bispevisitas, der gospelkoret song og 4 andre personar vart utfordra til å seie noko om ein song som har betydd mykje for dei. Svært vellykka kveld med mange frammøtte.
- 25.04 Å leve som om Jesus har stått opp. Tidlegare kapellan i Ulstein, Kristian Myklebust holdt påskebibelttime.
- 23.05 Unni Takset og Gerd Vik Flø las frå diktboka si: Tre og Roar viste bilder på skjerm frå boka. Kamilla Grimstad Hagen song. Mykje folk.

### Haustsemesteret:

- 29.08 Helge Simonnes snakka om boka si: «Kampen om korset». Fullt hus.
- 19.09 Hilde Petra talte om situasjonen for dei kristne i Kina.
- 24.10 Songkveld med gospelkoret og enkeltpersonar som vart utfordra til å seie noko om ein song som betydde mykje for dei. Fullt hus og svært vellykka.
- 21.11 Kyrkja i Ulstein – Eit ankerfeste i tida. Presentasjonen av jubileumsboka til Ulstein kyrkje.

Fleire av K-gruppene og andre enkeltpersonar har kome med mat til bordfellesskapet, det har vore kjekt å dele det ilag også

# Barn og unge - Saman for ein trygg oppvekst

Fylgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

## Ulstein KFUK-KFUM

Leiar: Magne Grimstad

## Ulstein KFUK-KFUM speidarar

Leiar: Birgitte Øvrelid / Christfried Kaul

## KRIK Ulstein

Leiar: Vegard Aksnes

## NMSU

Kontakt: Gunhild Bremer

## Ulsteinvik søndagsskule

Leiar: Christfried Kaul

## Hasund søndagsskule

Leiar: Margit Sundgot Aarland

## Sunnmøre folkehøgskule

Rektor: Arnt Ole Grimstad

## Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane

Barne- og ungdomsarbeidet har vore ei bevisst satsing i Ulstein sokn i mange år. Det er eit godt planlagt samarbeid mellom trusopplæring og det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeid slik at det er rom for både å vere med regelmessig eller på dei punktuelle breddetiltak. Gjennom konfirmanttida gjer konfirmantane tenesteoppgåver også i trusopplæringsarbeid og opplever at dei kan bidra med verdifull innsats.

Kontinuerleg og strategisk arbeid med ungdomsleiarar på konfirmantleir har resultert i eit godt og levande ungdomsmiljø knytt til TenSing, speidar, KRIK og ungdomsgudsteneste DRYPP. Særlig Ten Sing-arbeidet har fått oppleve eit innhaldsrikt år med mange høgdepunkt. Ten Sing satser friskt og hadde ein flott konsert 4. mai på nesten fullsett kulturhuset Sjøborg. Den spesielle kombinasjonen mellom sjølvprodusert musikkvideo og live spelning og synsing til desse har vore nyskapande i Ten Sing-arbeidet. Ten Sing har hatt kontinuerleg vekst i 2019 og er nå ein av dei største TenSing-gruppene i landet. For sitt innovative arbeid vart Ulstein TenSing nominert til Trusopplæringsprisen 2019. Med fire medlemmar frå Ulstein Ten Sing er Ulsteinvik godt representert i Ten Sing Norway 2019/2020.

Korklubben og TweenSing er omtalt under kapittel kyrkjemusikk. Desse kora har fast plass i gudstenestelivet og samlar mange barn gjennom eit kontinuerleg arbeid.

Søndagsskulane i Hasund og Ulsteinvik samarbeider med å legge turnussen opp slik at det blir gode tilbod med både familiegudstenester og søndagseskulesamlingar som utfyller kvarandre. Trusopplæringsstiltaka 4-års-boka og Tårnagentsamling speler godt på lag med søndagsskulearbeidet og gir barn som tek del på tiltaka gode mulighet å kunne delta på søndagsskulen sine tilbod. Søndagsskuleavslutning og kyrkjelydsfest hadde samarbeid også i 2019 og det vart ei folksam samling for heile kyrkjelyden på Kjeldsund.

Gudstenester med involvering av speidar og KRIK er også viktige kontakt-punkt med barne- og ungdomsarbeid til organisasjonane.

## Ulstein TenSing

Andreas Halle gav seg som vaksenleiar i Ulstein TenSing i oktober 2019. Ruben Voldlund held fram. Med ein person mindre i drift vart mykje av ansvaret lagt på den nokså nyoppstarta foreldregruppa, under leiing av Jan Einar Roos. Foreldregruppa bidreg frivillig med praktiske oppgåver på samlingane, som til dømes førebuing av mat til pause og opprydding, men også som sosiale faktorar som ungdommane kan vende seg mot. Oppgåvene deira er å sjå den enkelte, og bidra til fellesskapet.

## Høgdepunkt

- Vinter treff 2019 – Larsnes
- DRYPP Ungdomsgudsteneste
- Konsert på Sjøborg
- Sommaravslutning
- Ulsteinmess
- Fredheimbasaren
- Øvingshelg
- Reise til Oslo i høve nominasjon til Trosopplæringsprisen
- Vertskap for Gospel Night i Ulsteinvik
- Juleball

**Øvingstid:**

Onsdagar: 19:00 - 21:30  
I tillegg er det sosialkveld  
ca. 1 kveld i månaden

**Betalende medlemar:**

Pr. 21.12.2019: 53 stk.

**Styret:**

Øystein Grimstad Thormodsæter  
Ingrid Moldskred Nygjerde  
Dagni Myrene  
Anne Maria Langnes  
Victoria Myklebust  
Andreas Edvardsen Sundgot  
Heine Ljones Kulø  
Sanne Kleven (Vara)

**Ansvarleg vaksenleiar:**

Ruben Voldsgård

**Styrelseleiar:**

Øystein Grimstad Thormodsæter

**Økonomi - leiar:**

Merete Håheim

**Kontaktperson i Ulstein sokn:**

Bjørn Losvik.

**Vurdering av arbeidet**

Medlemstalet for våren 2019 var nokså stabilt. Ikke alle nye ansikt har tatt steget å melde seg inn som medlem. Likevel var det 44 frammøtte på kvar øving i gjennomsnitt i 2019, noko som er dobbelt så høgt som 2017.

Konserten på Sjøborg var truleg grunnen til at dette talet fekk ein oppsving. Det låg målretta og engasjert arbeid bak denne konserten. Profilering av Ten Sing sitt arbeid på kulturhusscena med nye arbeidsmetoder har vekka interesse lokalt, men også nasjonalt. Ved å lage eigne musikkvideoar og synge live til dei har Ulstein Ten Sing virkelig utvikla Ten Sing-tanken vidare.

Meiningsfulle og målretta aktivitetar bidreg til større engasjement, og større desentralisert ansvar. Styret er derfor i langt større grad enn tidlegare rådande for avgjersler, noko vi ser på som avgjerande for at arbeidet skal fungere i tråd med ideologien; "Ungt ansvar, vaksent nærvær". Oppfatninga til foreldre i slutten av 2019 er at gruppa framstår som meir einheitleg, dvs. meir samansveisa og med ei større kjensle av felles identitet enn tidlegare.

For sitt gode arbeid både på scena, innad i gruppa og det gode samarbeid med kyrkja sitt ungdoms- og konfirmantarbeid vart Ulstein Ten Sing nominert til ein av tre kandidatar til å vinne Trosopplæringsprisen til IKO og Den norske kyrkja. Nominasjonen vart feira med enda ein stor konsert på Sjøborg, der Ten Sing Norway og Ulstein Ten Sing skapte skikkelig god stemning.

Eit godt og høgt aktivitetsnivå i 2019 la gode føresetnader for eit endå sterkare 2020.



## Drypp Ungdomsgudstenester

Gudstenester – ikkje berre for ungdom har også i 2019 vore eit viktig tilbod der eit team av ungdom sjølv lagar gudsteneste saman med lokal prest. Det var 6 DRYPP- gudstenester i 2019 og det har vore mange høgdepunkt i DRYPP- kalenderen: Biskopen tok del på DRYPP under visitasen, Marthe Wang tok del i september, i oktober var det samarbeid med ALIVE og i november deltok TenSing kor frå heile Sunnmøre på Gospelnight. Med ca. 150 ungdomar til stades blei dette ein stor kveld.



## Alive-festivalen 2019

Den kristne ungdomsfestivalen ALIVE i oktober har blitt ein tradisjon når det blei arrangert for tredje gongen i 2019. ALIVE er eit tverrkyrkjeleg tilbod som blei arrangert av Filadelfia, Frikyrkja, Bibelsenteret og Den Norske Kyrkja. Med ca. 250 deltakande ungdomar frå regionen, ca. 80 frivillige er det eit stort arrangement som la ungdomar oppleve noko avmangfaldet som finst i kristne miljø. For første gong blei Sjøborg leiga til å ha dei store programpostane der, mens festivalen elles er knytt til dei ulike lokale til samarbeidspartnarar. Det er mykje lokal dugnad for å få dette til.



# Bygg og anlegg

*For å kunne forvalte kulturarven og gjøre tru og tradisjon relevant i vår tid trengst det ein levande fellesskap som fornyar seg om og om igjen. Med Ulstein gamle kyrkjestad frå middelalderen, Osnes kyrkjegard midt i eit kulturminneområde og Ulstein kyrkje som ei listeført kyrkje frå 1849, forvaltar Ulstein kyrkjelege fellesråd ein stor arv som lever vidare gjennom kyrkja sitt oppdrag no og i framtida.*



## Kyrkjebygget

Med byggeår 1849 har Ulstein kyrkje status som listeført kyrkje og treng at riksantikvaren godkjenn alle tiltak som ønsker å bli utført for endringar, rehabilitering og vedlikehald av kyrkjebygget. Større endringar i konstruksjonen og interiøret er svært vanskelege å få aksept for.

### 170 år som bygg i teneste for folket set sine spor.

Ulstein kyrkje står overfor store vedlikehaldsoppgåver. Kommunestyret bestilte på desembermøtet 2018 ein rapport for å kartlegge både vedlikehaldsutfordringar og muligheter for endringar som kunne gjere kyrkja betre tilgjengeleg og meir brukarvenleg enn den er i dag.

#### Desse var med på synfaring:

- Per Dimmen, Ulstein eigedomsselskap
- Mariette Gjerde, ergoterapeut
- Ove Morten Berge, seniorrådgjevar kirkearkitektur i Den norske kyrkje
- Svein Magne Harnes, rådgjevar Møre bispedøme
- Christfried Kaul, kyrkjeverje



Det er heilt tydeleg at bruksmönsteret Ulstein kyrkje har i dag påfører byggingskonstruksjon og interiør skader som kan vere umoglege å reparere. Mest alvorleg er uttørking av trevirke med krymping, sprekkdanning og deformasjon som følgje.

#### Rapporten avdekker vedlikehaldsbehovet på følgjande områder:

1. Hastetiltak maling av vindu og vannbord
2. Rehabilitering / fornying av kyrkjedørar
3. Rehabilitering av kjelleretasjen med toalett og lagringsrom
4. Fornyning av oppvarminsanlegg i samband med ei eventuell installasjon av eit klimastyringsanlegg
5. Forbetring av universell utforming og tilkomst til kyrkja
6. Automatisk ringeanlegg
7. Innvendig maling av kyrkja.



Rapporten viser også til dei store utfordringane ved kyrkjebygget som ein ikkje fann konkrete løysingsforslag på.

Desse er:

1. Generell auke av kapasitet i kyrkerommet.
2. Tilrettelegging av kyrkerommet for anna aktivitet som undervisning, gruppearbeid eller sosiale samvér.
3. Tilrettelegging for samtidig bruk ved ulike arrangement.
4. Eit spesielt tilrettelagt dåpssakristi.
5. Ei betring av lagringskapasitet.
6. Barrierefrei tilkomst gjennom hovuddør og barrierefri rørsle i kyrkerommet.

Det er estimert 7,1 mill kr for gjennomføring av dei ulike vedlikehaldstiltak. Ulstein kyrjelege fellesråd har søkt Ulstein kommune om tilsvarande investeringsmidlar.


Ein del av tiltaka må bli sett i lys av bygging til Ulstein nye kyrkje og vurdert i samband med denne før arbeidet blir satt i gang.

Eit vesentleg punkt frå eit verneperspektiv er at kyrkja treng ei avlasting for å unngå ytterlegare skade. Det trengst ei ny kyrkje for å ta vare på den gamle.



#### Følgjande vedlikehaldstiltak vart gjennomført i løpet av 2019:

- maling av vinduer og vannbord ved kledning
- prosjektering av nye ytterdører



**Side 39:**

**Øverst t.h.:** Biletet viser eit parti av kirkedørene, som alle treng utskifting/vedlikehald.

**Midten t.h.:** Kvar 7. gudsteneste, samt andre arrangement, utfordrar maxgrensa i kyrkja - det blir ofte for trangt.

**Nederst t.h.:** Ulstein kyrkje manglar lagringskapasitet. Ting vert lagra der det er mogleg å finne ein ledig plass.

**Side 40:**

**1 og 3.:** Ulstein kyrkje har flotte kyrkjebenkar (*Foto: Cecilie Hatløy*), men ved nærmare augesyn vil ein sjå at dei fleste er slitt, skada eller reparert pga hard bruk og hyppig flytting.

**2, 4 og 5.:** Ulstein kyrkje vert varma opp for ofte og for lenge. Dette fører til store skader gjennom uttørking.

**Side 41:**

**1:** Dåpsakristi, møterom, undervisningsrom, lagringsrom - alt i eit i eit lite rom på gallerloftet.

**2:** Slete golv, nytt piano. Ulstein kyrkje driv eit arbeid av høg kvalitet i eit tradisjonsrikt og elskaa, men utfordrande kyrkjebygg som treng avlasting no. **3:** Uverdige sanitærforhold med vanskeleg adkomst i kjellaren i Ulstein kyrkje.



## Kyrkjegardane

### Osnes kyrkjegard

Osnes kyrkjegard er den einaste gravplassen i Ulstein kommune som er i bruk. Kyrkjegardene bak Ulstein kyrkje og kyrkjegarden som var rundt kyrkja på Ulstein gamle kyrkjested er nedlagde. Ulstein kyrkjelege fellesråd har ansvaret for gravferdsforvaltning og kyrkjegardene.

Om nokre få år vil Osnes kyrkjegard ha nådd sin kapasitetsgrense og Ulstein kommune treng å ta i bruk nytt areal for gravplass. Det har vore eit ønske lenge at Osnes kyrkjegard skal bli utvida på rundt eksisterande kyrkjegard, men eit meklingsmøte med fylkeskonservatoren førte ikkje fram og departementet gav endeleg avslag for å ta bruk dette området. Det hastar med å avklare lokaliseringssspørsmål for å kunne setje i gang. Ei behovsanalyse som vart utarbeidd i 2017 viser til at det i 2025 ikkje vil vere nok ledige graver igjen for å kunne ha den pålagde kapasiteten på ledige graver til 3% av befolkninga.

Det er eit omfattande arbeid å halde kyrkjegarden ved like og vi får mange gode tilbakemeldingar for stell av kyrkjegarden. I 2019 vart gjerdet rundt kyrkjegarden mala. Nærleiken til rekreasjonsområde Osnessanden kan på finversdagar skape nokre utfordringar for parkering ved gravferder. Bruk av toalettet i klokkehuset av badegjester er ingen god løysing. Her bør det kome opp eit sanitærbygg som er knytt til rekreasjonsområdet Osnessanden.

### Ulstein gamle kyrkjested

Området rundt Ulstein gamle kyrkjested treng eit løft. Gamle trær som stod der har blitt knekt av vinden og dermed øydelagt historiske gravminne. Muren rundt plassen har rasa ut fleire stader og utgjer ei fare for ferdsel på området nær muren. Gjennom jubileumsboka har Ulstein gamle kyrkjested fått merksemrd som ein viktig plass i lokalhistoria, men også som ein stad der reisande truleg stoppa på kystleia. Saman med Ulstein kommune har Ulstein sokn søkt og fått tildelt midlar til å utvikle staden til ein aktiv plass på Kystpilegrimsleia.

### Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Den nedlagde kyrkjegarden rundt Ulstein kyrkje har ein viktig funksjon som grønt areal i sentrum og området vil kunne få seg eit løft i samband med bygging av Ulstein nye kyrkje.

**t.v.:** Kyrkjegarden på Osnes er ein velstelt og fin gravlund mellom byen og havet.

**t.h.:** Detalj frå støypejarnskross på den nedlagde kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje.



## Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret ligg i andre etasje i Sjøgata 61. Alle har kontorplass, men det er mangel på samtalerom til ulikt bruk. Tilkomsten er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Også tilkomst, areal og standard på toalettet er alt for dårlig for eit offentleg kontor, og ikkje mogleg å bruke for dei som kjem i rullestol. Det har i 2019 ikkje blitt gjennomført større endringar eller vedlikehaldsarbeid på kontoret.

## Ulstein Nye kyrkje

Vedtak om bygging av Ulstein nye kyrkje vart på kommunestyremøtet desember 2018 utsett. Ulstein sokn har brukt tida til å gå i dialog med Snøhetta for å finne kostnadsreduserande tiltak i skisseprosjektet. Dette arbeidet har ein lukkast med utan å redusere arealet for ny kyrkje.

Det har blitt starta opp arbeid med å få plassert bygging av Ulstein nye kyrkje inn i Ulstein kommune sin langtidsplan for investeringar.

Detaljreguleringsarbeidet vart avslutta i 2019. Også ei overordna skisse til kunst i Ulstein nye kyrkje vart bestilt for at arkitektur og kunst kan utgjere ein heilskap.

Soknet held fram med innsamlingsarbeid også i 2019, og gjennom gjevartenesta Kyrkjebyggjar i vår tid med regelmessige innskot og enkeltgåver og innsamlingsaksjonar har soknet auka eigenkapitalen til den nye kyrkja til litt over kr. 5 mill.

Nykyrkjekarane skapte nok ein gong eit stort engasjement gjennom Ulsteinmessa 2019.

**Nytt og gammalt i flott samspel:** Begge kyrkjer vil vere i bruk når ei ny kyrkje vert bygd.



2019 har vore eit år der mange uføreseielege faktorar verka inn på økonomien.

Det største avviket frå budsjettet er eit langt mindre pensjonsbidrag til KLP som vart kjent for oss i slutten av året. Men også sjukmelding og vakanse i trusopplæringsstillinga har ført til eit mindreforbruk. Det var også ei markant auke i konsertinntektene.

På den andre sida står prosjektet med jubileumsboka *"Ulstein kyrkje - eit ankerfeste i tida"*, der vi framleis står med mange uselde bøker. Malingsarbeid var eit heilt naudsynt tiltak som vart realisert utan ekstra kommunalt vedlikehaldstilskot. Vi investerte i eit nytt konsertpiano til kyrkja og det vart inngått ein ny kopieringsavtale før kontrakten med den gamle gjekk ut.

Likevel står soknet att med eit reknakapsmessig overskot på kr. 680.687.

Ulstein sokn har føreseielege rammer gjennom rammeavtalen med Ulstein kommune.

## Offer, kollekt og gaver

Det er mykje engasjement i kyrkjelyden også gjennom å bidra økonomisk. Ofring i gudstenester held seg framleis på eit høgt nivå og støtter mykje viktig arbeid i kyrkja og i kristne lag og organisasjonar. I tillegg til innsamlingar i soknet sin regi er det mange som gir pengar til kyrkja sitt arbeid gjennom misjon og diakoni som ikkje går gjennom soknet sin økonomi. Men soknet har eit aktivt samarbeid med misjonsorganisasjonar. Også diakonien engasjerer breidt: I Hjartevarmeaksjonen 2019 samla Nykyrkjekarane inn over kr. 35.000 og i tillegg matvarer til meir enn kr. 60.000.

*Gjevartenesta for Barne- og ungdomsarbeidet i Ulstein sokn har framleis nokre trufaste gjevarar som gir eit beløp kvart år, men for å sikre stillinga til ungdomsarbeidaren, treng vi at fleire bidreg.*

## Kyrkjebyggjarar i vår tid

Gjevaravtalane gjennom Kyrkjebyggjar i vår tid har auka soknet sin eigenkapital til kr. 5 mill i 2019.

**Tabell 2: Samandrag rekneskap 2019 for Ulstein sokn**

	<b>Rekn 2019</b>	<b>Bud 2019</b>	<b>Rekn 2018</b>
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
<b>Salsinntekter</b>	<b>-897.791</b>	<b>-783.575</b>	<b>-906.965</b>
<b>Refusjonar</b>	<b>-3.875.419</b>	<b>-3.772.087</b>	<b>-3.615.333</b>
Tilskot frå staten (Møre Bispedømeråd)	-1.253.300	-1.278.000	-1.253.300
Tilskot frå Ulstein kommune	-4.822.904	-5.341.889	-4.822.904
Tilskot frå Ulstein kommune til barnehagen	-473.837	-286.000	-473.837
Renter/avdrag UK	-914.307		-914.307
Offer til eiga verksemd	-240.496	-201.600	-214.199
Offer til anna verksemd	-172.483	-290.000	-189.878
Minnegåver	-19.146	-25.000	-43.127
Innsamla midlar andre (Fasteaksjonen)	-81.821	-125.000	-141.785
Gåver eiga verksemd (Ulstein nye kyrkje)	-751.420	-14.500	-1.423.549
Gjeverateneste (Barne- og ungdomsarbeid)	-15.000	-20.000	-23.000
Tilskot og gåver	<b>-9.266.473</b>	<b>-7.581.989</b>	<b>-9.499.886</b>
<b>Finansinntekter</b>	<b>-860.560</b>	<b>-41.500</b>	<b>-796.454</b>
<b>Sum DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-14.900.243</b>	<b>-12.179.151</b>	<b>-14.818.638</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>			
<b>Lønn inkl sosiale utgifter</b>	<b>4.723.117</b>	<b>5.913.748</b>	<b>5.898.109</b>
<b>Kjøp av varer og tenester</b>	<b>2.187.585</b>	<b>1.786.241</b>	<b>1.751.581</b>
Refusjon til Ulstein kommune	258.000	0	22.594
Refusjon til andre	8.050		
Interne overføringer	3.431.799	3.431.799	3.126.431
Overføring til staten			
Mva - generell momskomp. utg.	305.964	318.363	228.471
Overføring offer til anna verksemd	172.852	290.000	190.277
Overføring minnegåver	19.146	25.000	43.127
Overføring av innsamla midlar	81.822	125.000	141.785
Tilskot/gåver til andre	5.294	4.000	0
Tilskot til kurs og kr. verksemd		11.000	6.000
<b>Overføringer</b>	<b>4.282.927</b>	<b>4.205.162</b>	<b>3.759.694</b>
Renteutgifter, lånekostnader	125.437	70.000	109.334
Avdragsutgifter	971.667	117.000	964.850
Kjøp av andelar	0	12.000	0
Dekning av tidl. års underskot	0	0	0
Avsetjing disposisjonsfond	205.386	0	142.938
Avsetjing til bundne fond	1.137.396	75.000	1.521.994
Overføring til investeringsrekneskap	62.961		0
Rekneskapsmessig overskot	680.687	0	205.386
Avskrivningar	523.080	0	464.752
<b>Finansutgifter</b>	<b>3.706.614</b>	<b>274.000</b>	<b>3.060.930</b>
<b>Sum DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>14.900.243</b>	<b>12.179.151</b>	<b>14.470.314</b>

# Informasjon og kontakt

---

## Opa kyrkje og ope kontor

Tysdag til fredag er Ulstein kyrkje open for besøk mellom 09:00 og 15:00. Sjølv om det er mykje organisert aktivitet i kyrkjerommet er det også mange som bruker kyrkjerommet til ei pustepause, til ettertanke og bøn. Å ha ei opa kyrkje er viktig for å vere tilgjengeleg som kyrkje. Også kyrkjekontoret er ope tysdag til fredag 10:00 -14:00 for publikum. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit opent kontor viktig.

## Kyrkjesida i Vikebladet/Vestposten

Med kyrkjesida i Vikebladet når vi fram til dei fleste husstandene gjennom papiravisa. Denne ordninga er verdifull med tanke på at kyrkja kan nå ut til sine ca. 6.600 medlemmar. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i veksle og samarbeid med Hareid slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane i kyrkjelyden.

## Nettsider og sosiale media

Det har vore ein solid vekst i bruken av Facebook som informasjonskanal, både for informasjon, påmelding og gjennom grupper for ulike typer aktivitetar. Også heimesida til Ulstein sokn, [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no) er ei viktig kjelde for informasjon og er lagt opp slik at det skal vere lett å finne informasjon om kyrklelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Dei fleste brukar påmeldingsløysinga på heimesida vår for å melde barna til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller barna til trusopplæringstiltak.

## Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunen sin representant i Ulstein kyrklelege fellesråd og dette er med på å verdslette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Gjennom ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune får Ulstein sokn føresielege rammer for arbeidet. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av lønn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

## Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leiar prestetenesta i prostiet og er med dette nærmeste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årlig prostidag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrjevergene og har årlege møter med stab og sokneråd.

## Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadene til desse stillingane. Ulstein sokn mottek også årleg tilskot for trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjent plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet for første gong. Gjennom bispevisitasen har det vore ekstra tett kontakt med biskop og bispedømeråd i 2019.

# Ulstein sokneråd 2019 - 2023



ULSTEIN KYRKJE  
*Saman på ferda*



Annelise  
Kleven Godø

Odd Arne  
Vikebakk

Karianne  
Sveen Orvik



Hannelore  
Måseide

Bodil Elin  
Muren Voldsund

Lidbjørn  
Vattøy

Karete Malen  
Nesset

Cecilie Frantsen  
Skeide



André  
Sæter (1.vara)

Andreas Alexander  
Felix Sæbø (2.vara)

Åsmund  
Lunde (3.vara)

Kristian  
Osnes (4.vara)

Hildegunn Lillebø  
Fiskerstrand (5.vara)

*Ulstein Sokn*  
*Årsmelding 2019*

[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*